

Nytt gjerde ved Uskedal Barnehage.

17.12.2019



Jone Harkestad har arbeidet med fundamentet og monteringa av nytt gjerde rundt barnehagen.

Det vert i desse dagar utført eit arbeid med å byta ut det gamle gjerde rundt barnehagen med nytt. Slitasje over lang tid gjer at det var trong for nytt og betre gjerde på nytt fundament. Arbeidet vert rekna som kommunalt vedlikehald og etter synfaring med teknisk avdeling i kommunen kom det fortdgang i saka.

Dagleg leiar i Uskedal barnehage, Ann Irene Sæle, fortel til Uskedalen.no at gjerde rundt barnehagen blir skifta grunna slitasje over mange år. Dette har ulike grunnar. Erosjon med frost og kulde har medverka til at gjerdepålene har kome opp av jorda og er lause. Tre og buskar med stort rotsystem veks under gjerde og skubbar det opp.



[Kvinnherad Maskin gjer alt førebuande arbeid med rydding og planering.](#)

Dette har ført til at gjerde fleire stader kunne vippast opp av bakken. Sjølve gjerdenota var også byrja bli øydelagt. Slik kunne ein ikkje ha det rundt ein barnehage. Borna sin tryggleik er viktig. Saka vart meldt inn til Kvinnherad kommune. Teknisk var i Uskedalen på synfaring og ein kom fram til at gjerde måtte bytast ut og forsterkast.

Kvinnherad kommune har henta inn tilbod frå fleire aktørar. Jone Harkestad fekk jobben. Det er laga nytt fundament til det om lag 130 meter lange gjerde.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal